

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Utval for næring og teknikk	22.09.2005	050/05	HH

Saksansvarleg: Harald Helliksen	Arkiv: K2-V70	Arkivnr.: 2005000699
---------------------------------	---------------	----------------------

HØRINGSBREV - FORSLAG TIL DIVERSE ENDRINGAR I JORDLOVA

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	05.07.2005	Landbruksdepartementet	HØRINGSBREV - FORSLAG TIL DIVERSE ENDRINGAR I JORDLOVA

Vedlagde dokument:

Dokument nr. 1.

Utdrag av høyringsnotat, side 3 (samandrag) og side 13-17 (behovet for endring).

Vedlegg 2 til høyringsnotat (Forslag til endringar, lovtekst).

Landbruk- og matdep.	
Saksnr:	2005/1130-16
Mottatt:	25 SEPT 2005 ASR/JUR
Saksbeh.:	1AA 41
Kopi:	

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Jordlova.

Saksgang:

Utval for næring og teknikk gir høyringsuttale.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag til diverse endringar i jordlova m.v. Forslaga er delt opp i 4 ulike delar: del I gjeld oppheving av forbodet mot deling, § 12 i jordlova, del II gjeld oppheving av føresegner om staten sine kjøp av tilleggsjord og føresegner om ekspropriasjon etter jordlova, del III gjeld tilskotsordningar og del IV gjeld oppheving av nokre uaktuelle lovar.

Forslaga i del I går ut på at det generelle forbodet mot å dele landbrukseigedom blir oppheva, samstundes som det blir fastsett reglar om å søkje delingssamtykke der det er behov for offentleg kontroll med delinga, t.d. ved frådeling av dyrka jord. Eigaren må søke samtykke til deling eller frådeling av dyrka jord med mindre det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9 i jordlova eller der frådelinga gjeld jord som skal seljast som tilleggsjord til anna bruk i drift.

Departementet vurderer og om det bør gjerast unntak frå delingsfridomen dersom frådelinga gjeld bygningar som ligg i eller nær tunet på eigedomen, like eins om kommunane bør få moglegheit til å fastsette lokal forskrift med utvida plikt til å søke samtykke til deling ut frå lokale tilhøve eller prioriteringar, eller om det bør innarbeidast endringar i føresegnene i plan- og bygningslova slik at kommunane kan fastsetje føresegner i arealplan.

Vurdering:

Administrasjonen er i tvil om det er rett å endre reglane om deling av landbrukseigedom. Det er henta inn statistikk som viser at talet på saker som blir avslått, på landsplan no ligg i underkant av 10%. Det er med andre ord slik at ein stor del av søknadene om deling blir imøtekomne. Departementet sjølv skriv likevel at statistikken ikkje kan nyttast ukritisk ved vurdering av konsekvensane av eventuell endring av delingsføresegna, og at det er grunn til å tru at gjeldande forbod mot deling fører til at mange let vere å søkje samtykke til deling i dag. Vi er einige med departementet i denne vurderinga og meiner dette er eit moment som taler mot å endre delingsføresegna.

Departementet viser og til at det i St.prp. nr. 1 (2004-2005) er lagt vekt på at eigedomspolitikken må vere fleksibel, og at politikken skal støtte opp om ei utvikling mot større eigedomar som grunnlag for auka og meir effektiv landbruks- og tenesteproduksjon. Departementet skriv vidare på side 17 i høyringsnotatet, at forslaget vil føre til at offentlege styresmakter ikkje gjennom handsaming av delingssaker kan påverke eigedomsstrukturen i skog og utmark. Departementet er klar over at dette kan føre til at skog og utmark blir delt i mindre einingar, noko som kan få følgjer for rasjonell drift. Departementet *trur* at skog og utmark i dei fleste høve vil bli selt som tilleggsareal fordi dette vil vere den mest aktuelle og lønsame løysinga. Etter vår meining er dette ikkje sikkert. Det kan vere like sannsynleg at areala blir splitta opp i mindre einingar. Dette kan bli tilfelle både ved overdragingar innan familien og ved frie sal. Vi har i kommunen vår døme på at det i samband med planlagt sal av landbrukseigedomar har vore ynskje frå seljar om halde igjen større utmarksareal på fjellet. I Hjartdal kommune ynskjer ein at landbruks-eigedomane i størst mogleg grad blir eigde og drivne av folk som bur i kommunen og på eigedomane. Det vil vere vanskeleg å krevje buplikt i forhold til skog- og utmarksareal som blir delt i frå, noko som kan føre med seg at slike eigedomar får eigarar som ikkje bur i kommunen.

Relativt mange av delingssakene her i kommunen gjeld søknader om å dele frå tomt til eksisterande hytter eller bustadhus (oftast utanom tunet) eller endring frå feste til eigedomstomt for slike hytter eller hus. Slike søknader blir oftast innvilga, og ei oppheving av forbodet mot deling i slike saker kunne vore akseptabelt.

Dersom det generelle forbodet mot deling blir oppheva, meiner vi at det er viktig at det gjerast unntak frå dette dersom frådelinga gjeld bygningar som ligg i eller nær tunet på eigedomen. Ved eventuell oppheving av forbodet mot deling, bør kommunane og få høve til å fastsetje lokal forskrift med utvida plikt til å søkje samtykke til deling ut frå lokale tilhøve og prioriteringar.

Når det gjeld forslaga til endringar som går fram av del II, III og IV i høyringsnotatet, har ein ikkje merknader til desse. Det er snakk om reglar som er svært lite brukte eller uaktuelle (del II og IV) og stadfesting av gjeldande rett (del III).

RÅDMANNEN TILRÅR:

Hjartdal kommune viser til over nemnte vurderingar og går mot at § 12 i jordlova blir endra slik at det generelle forbodet mot deling blir oppheva. Unntak frå forbodet mot deling bør vurderast i forhold til å dele frå høveleg tomt til eksisterande hytter og hus utanom gardstunet.

Ved eventuell oppheving av det generelle forbodet mot deling, må det gjerast unntak frå dette dersom frådelinga gjeld bygningar som ligg i eller nær tunet på eigedomen. Det bør og vere mogleg for kommunane å fastsetje lokal forskrift med utvida plikt til å søkje samtykke til deling.

Hjartdal kommune sluttar seg elles til forslaga til endringar som går fram av del II, III og IV i høyringsnotatet frå Landbruks- og matdepartementet.

22.09.2005 Utval for næring og teknikk

NOT-050/05 VEDTAK:

Hjartdal kommune viser til over nemnte vurderingar og går mot at § 12 i jordlova blir endra slik at det generelle forbodet mot deling blir oppheva. Unntak frå forbodet mot deling bør vurderast i forhold til å dele frå høveleg tomt til eksisterande hytter og hus utanom gardstunet.

Ved eventuell oppheving av det generelle forbodet mot deling, må det gjerast unntak frå dette dersom frådelinga gjeld bygningar som ligg i eller nær tunet på eigedomen. Det bør og vere mogleg for kommunane å fastsetje lokal forskrift med utvida plikt til å søkje samtykke til deling.

Hjartdal kommune sluttar seg elles til forslaga til endringar som går fram av del II, III og IV i høyringsnotatet frå Landbruks- og matdepartementet.

Vedtaket var samrøystes.

Rett utskrift ^{26/9-05}
Ingeleivorg handsverk

Utskrift til:

- Landbruks- og Matdepartementet, Postboks 8007 Dep. 0030 Oslo
- Fylkesmannen i Telemark, landbruksavdelinga, Statens Hus, 3708 Skien